

DRIFTSPLAN FOR FISKERESSURSANE PÅ EIDFJORD STATSALLMENNING




Innhald:

1. Områdeskildring
 - a. Vassdrag
 - b. Geologi
 - c. Fiskeartar
 - d. Fiskereglar
 - e. Lov og forskrifter
2. Kultivering
 - a. Overvaking
 - b. Fiskeutsetting
 - c. Utlegging av gytegrus
- d. Fangststatistikk
- e. Kalking
3. Plan
 - a. Planperiode
 - b. Biologiske forhold
 - c. Tilrettelegging
 - d. Administrasjon
 - e. Økonomi

1) Områdeskildring

Allmenningen har til saman 266 vatn og tjørn over 10 daa med eit samla areal på 56.316 daa. I samband med fiske er tjørn mindre enn 30 daa lite interessant og har sjeldan stabile produksjonsmoglegheiter.

	Tjørn 30-100 daa	Vatn 100-1000 daa	Vatn over 1000 daa
Tal	88	50	11
Samla areal i daa	4.362	12.631	32.679
% av areal	7,7	22,4	58,0



Tjørn og vatn prosentvis fordelt på høgdslag etter areal

a) Vassdrag

Eidfjord statsallmenning er etter kultiveringsplan for innlandsfisk inndelt i 3 vassdrag; Kvennavassdraget, Numedalsvassdraget og Granvin-Ulvik-Hardangervidda-Folgefonnhalvøya-Etne. Det vert vist til kart med vassdragsgrenser, vedlegg 1. Fjellstyret har for eigen del delt hovudvassdraga inn i delvassdrag. Dette er gjort for å ha meir praktiske einingar å arbeide med.

b) Geologi

Mesteparten av berggrunnen består av sure, harde og langsamt forvitrande gneisar og granittar med innslag av lett forvitrande kambrosilur sediment bergartar i kanten av Hardangerjøkulen og på delar av Vidda. Lausmasseavsetjingane er mektigare i sør og lågareliggjande deler.

c) Fiskeartar

Aure er einaste naturleg førekomande fiskeart, dette inkluderer den spesielle genvarianten, finprikkaure, som er naturleg førekomande i Svartavatnvassdraget.

Røye er førekomande i vassdraget nedstrøms Brattefonnvatna, denne vart sett ut av jernbanefolk frå Finse på 60-talet. Røya har spreidd seg nedstrøms, men er ikkje vanleg førekomande nedanfor tjørna den var utsett.

Ørekyte er førekomande i vassdrag som drenerer til Halnefjorden, i Eidfjord omfattar dette;

- vest for Holmetjenne til oppgangssperre ved fylkesgrensa,
- Skaupsjøen og tjørna i Hansamadalen samt bekken i Lundhaukedalen opp til fossen,

- Halnebekken opp til 300 m nedstrøms oppgangsperra.
- Skulevikåi opp til fossen nedanfor DNT-løypa til Bjoreidalen og i Hætjørn.

d) Fiskereglar

Fiske med stong og handsnøre er tillete frå 1. januar til og med 30. september. Garnfiske er tillete for innbyggjarar i Eidfjord. Sør for midtlina i Nordmannslågenvassdraget har innbyggjarar i Ullensvang like rettar med innbyggjarar i Eidfjord. Garnfiskereglane, vedlegg 2.

e) Lov og forskrifter

Lov om innlandsfiske, §§ 9 og 10 regulerer utsetting og kultivering. Prinsipp for kultivering er utarbeida av Direktoratet for Naturforvaltning. I tillegg har vernereglane for Hardangervidda nasjonalpark reglar for fiskekultivering. (Vedlegg 3) Prinsipp for kultivering vil avløysa kultiveringsplanen i 2005.

2) Kultivering

a) Overvaking

Prøvefiske vert gjennomført 4. - 5. kvart år i sentrale vatn og tjørn for å ha ein kontroll med utviklinga av fiskestamma og vasskvaliteten, tal følgjer av vedlegg 4.

Utanom spesielle prosjekt vert vasskvaliteten overvaka gjennom analyse på pH, alkalitet, tot P og Ca, i samband med prøvefiske.

b) Fiskeutsetting

Fiskeutsettingar som er utført i vatn og tjørn i statsallmenningen følgjer av vedlegg 4. Til utsettingar er for Numedalslågenvassdraget brukt Besso stamme, for Bjoreiovassdraget er brukt Halne stamme og for Svartavatnvassdraget er brukt finprikkaure. Generelt er behovet for bruk av setjefisk minkande.

i) Setjefisk

Følgjande utsetjingar er snitt-tal for dei 10 siste åra:

VASSDRAG	SNITT 1994 - 2004
Bjoreiovassdraget	4 900 1- somrig setjefisk
Nordmannslågenvassdraget	7 000 1- somrig setjefisk
Svartavatnvassdraget (finprikkaure)	300 1- somrig setjefisk

ii) Villfisk

Overføring av vill aure vart fyrste gongen prøvd i 2003 i noko særleg omfang. Fangst vart gjort med elektrisk fiskeapparat. Fjellstyret ser på bruk av villfisk til støtteutsetjing som ein betre kultiveringsstrategi framfor bruk av setjefisk.

iii) Utlegging av gytegrus

Etablering av gyteplass er som forsøk gjort i utløpet av to tjørn. Gytegrus vart transportert ut på vinterføre med snøskuter. Det er registrert yngel i området i etterkant, tiltaket er difor vurdert å vera vellukka.

iv) Andre tiltak for å betra naturleg rekruttering


Fjellstyret har engasjert seg i problematikken med Tinnhøldammen som eit oppgangshinder og funksjonen til fisketrappa. Fangstregistreringar Statkraft har gjort i fisketrappa viser at denne ikkje fungerer tilfredstillande for oppvandrande fisk.

c) Tynningsfiske

Interessa for garnfiske har minka i deler av allmenningen. Resultatet har vore for tette bestandar i enkelte vatn sør for Nordmannslågen. Turisthytter på fjellet har fått løyve til tynningsfiske med garn etter nærare vilkår.

d) Fangststatistikk

Fjellstyret har lagt stor innsats i å samla inn fangstoppgåver til statistikk frå garnfisket. Det er planer om å utvida fangstrapporteringa til å omfatta stongfiske.



Kalking

Svartavatnvassdraget har vore fullkalka sidan 1994. Kalkinga har vore følgd opp gjennom FoU-prosjekt 1997-2000 og med årlege undersøkingar og rapporteringar av fiskebestanden og næringsdyr, samt vassanalysar.

3) Plan

a) Planperiode

Fjellstyret er politisk vald og følgjer kommunevalperioden. Mål og tiltak er politikk samstundes som biologien må liggja til grunn for kva tiltak som er moglege å gjennomføra. Fiskekultivering er langsiktig satsing, ein valperiode kan i mange tilfelle vera for kort tid til å sjå resultat.

i) Mål

- Planperioden skal følgja kommunevalperioden, men langsiktige mål skal så langt det let seg gjera vidareførast.

ii) Tiltak

- Administrasjonen skal sjå til at fjellstyret får driftsplanen til evaluering i løpet av valperioden samordna med forvaltningsplanen for statsallmenningen.

b) Biologiske forhold

Forvaltning av fiskeressursane er langsiktig forvaltning. Normalt tek det minimum 7 år før aure når ein storleik der den vert fanga på 45 mm garn. Forvaltninga omfattar og andre vasslevande organismar og artar som lever av desse. Dette inneber at fjellstyret og må ta omsyn til ma. fugleartar som lever av vasslevande organismar.

i) Mål

- Vatna i allmenningen, der det er leveleg for aure, skal vera nytta til fiskeproduksjon til nytte for innbyggjarar i kommunen og ålmenta.
- Det skal leggjast til rette for naturleg rekruttering framfor bruk av setjefisk. Villfisk skal brukast til kultivering framfor setjefisk.
- Fiskereglane skal ta omsyn til at naturleg rekruttering kan føregå og at det er ein storleik på fisken fiskarane ynskjer.

ii) Tiltak

- Utlegging av gytegrus og utbetring av vandringshinder for å sikra naturleg rekruttering.
- Fangst av villfisk frå same vassdrag til støtteutsetting for å nytta produksjonspotensialet i vatnet.
- Fiskestammer i vatn viktige for å ta vare på tradisjonelt fiske skal sikrast gjennom jamlege utsetjingar.
- Fiskereglane skal vera vurdert etter følgjande prinsipp;
 - naturleg rekruttering skal kunna føregå der det ligg til rette for det,
 - fiskestorleiken skal vera interessant å hausta,
 - fiskereglane skal gje rom for eit næringsretta fiske,
 - reglane skal vera enkle å etterleva.
- Det skal årleg førast overvaking av utbreiinga av ørekyta.
- Situasjonen i Holsno mop spreining av røya må overvakast i lag med Simadal sameiga.

c) Tilrettelegging

Fritidsfiske og garnfiske som nærings- og hushaldsfiske, er viktig å leggja til rette for gjennom reglar og kultivering. Fiskeressursane i vatna må haustast for å kunna halda ønskeleg kvalitet. Fiskeressursane er viktige i vidareføring av ei tradisjonell næring. Garnfiske er eit gode som høyrer til bygdene kring vidda. Fiskeressursane er og grunnlaget for meir turistretta næringsutvikling, spesielt attraktive fiskeressursar kan vera grunnlag for tilrettelagde fisketurar. Tilgang til slike gode er medverkande til å oppretthalda busetnaden. Det er og ei oppgåva for fjellstyret å syta for at interessa for å driva fiske vert ført vidare.

i) Mål

- Fiskereglane skal ikkje vera til hinder for fritidsfiske og garnfiske der ressursane tillet dette.
- Fjellstyret skal leggja til rette for næringsutnytting av fiskeressursane.
- Tradisjonelt fiske og utnytting av fiskeressursane skal haldast ved like og vidareførast.

ii) Tiltak

- Fiskereglane skal ikkje vera til hinder for fritidsfiske og garnfiske.
- Fjellstyret skal søkja samarbeid og hjelp frå eksterne aktørar for å sikra rettane til fiske.
- Fjellstyret skal stimulera til at interessa for fiske vert oppretthalde.
- Fjellstyret skal leggja til rette for at fiskeressursane kan nyttast i næring ma. ved å byggja lokale for foredling/bevaring av fangstane.

d) Administrasjon

Viktige oppgåver er å driva informasjon om reglar og ordningar. Vidare er det viktig å syta for at vassdraga vert overvaka for å kjenna status, dette omfattar og å innhenta fangstoppgåver. Fjellstyret skal vera aktiv samarbeidspart med skular og andre som medverkar til å formidla fiskeinteressa til ungdom.

i) Mål

- Årleg fangststatistikk skal utarbeidast frå garnfiske.
- Årleg fangststatistikk frå stongfiske.
- Stimulera ungdom til aktivt friluftsliv.
- Leggja til rette for å halde oppe interessa for å hauste fiskeressursane.

ii) Tiltak

- I samarbeid med dei andre fjellstyra skal det lagast felles opplegg for rapportering frå stongfiske.
- Fangststatistikk frå garnfiske skal vidareførast og mogleg utviklast til å gje meir informasjon.
- Årleg arrangement i samarbeid med skular og andre for å stimulera til aktivt friluftsliv.

e) Økonomi

Sal av fiskekort gjev store inntekter til fjellkassa. Fiskekortsalet er gjort tilgjengeleg gjennom felleskort på iNatur (nettbasert), turistkontoret og turisthyttene. Tilrettelegging for næringsutvikling krev ulike tiltak det er naturleg fjellstyret tek tak i. Finansiering må søkjast gjennom fleire kjelder, lokale og sentrale.

i) Mål

- Inntektene frå fiskekortsalet skal aukast gjennom å leggja til rette for auka omsetjing.
- Inntektsauken skal koma som volumauke, ikkje ved auke i prisane utover vanleg prisstigning og at tilbodet vert betra.
- Tilrettelegging for næringsutvikling skal søkjast dekkja med $\frac{1}{3}$ frå Grunneigarfondet, $\frac{1}{3}$ frå lokale kjelder og $\frac{1}{3}$ frå egne midlar.

ii) Tiltak

- Fjellstyret skal driva aktiv marknadsføring av fisketilbodet i allmenningen.
- Fiskekortordningane skal årleg verta vurdert.
- Fjellstyret skal arbeida aktivt for finansiering av tiltak naudsynte for næringsutvikling med grunnlag i fiskeressursane.

Oppsummering

Med bakgrunn i mål og tiltak er planen konkretisert i dokumentet;

Prioritering av vatn til kultivering.

Her er det gjort ei konkret vurdering av det enkelte vatn og tjørn mop behov og moglegheit for kultivering i form av utsetjing av fisk og biotoptiltak som kan sikra naturleg rekruttering.

Kolonnen for "Tiltak" indikera naudsynte undersøkingar for å sikra status med omsyn på kolonne for "Naturleg fiskestamme" i tjørnet.